

Or (*Alnus incana*)

Prøv å få orebladet til å smelle!



1: Kvist med blad og fullvaksne konglar og blomsterknoppar for neste år. 2: Kongleblad 3: Nøtt (frø)

MALING

Oren har ein raudleg bork som borna brukte til maling. Til dømes måla dei mønster på noko dei hadde laga, eller dei mala seg i fjeset med det.

Eit ordtak seier: *"Skjer du meg så blør eg, høgge du meg så dør eg."* Oren har rikeleg med sevje som renn ut når ein høgger eller riv av borken.

TYGGE SKRÅ

Borken vart òg brukt til skrå. Innsida av barken er ganske søt på smak.

FLETTING


Borken vart også brukt til å flette belte av.

SMELLE MED BLAD

Har du lyst å prøve? Sjå teikning og oppskrift til høgre.



Plukk eit stort blad. Legg det over venstre handa, slik som teikninga over viser.



Slå kraftig med halvkrum høgge hand over bladet. Vend handa slik at fingrande på begge hendene vender same vegen. Når det er hol i blade, må du ta eit nytt. Smell det? Prøve mange gonge, så får du det sikkert til!

Menneska har gjort seg nytte av oretrea i uminnelege tider, og or var blant dei heilage trea.

Oreblad vart òg lagt i skoa mot fotsveitte eller "tåfis".

Kan du kome på andre ting me brukar or til?